



Arkivnr: 2015/1434-510

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.08.2017

Ekspertutvalet for regionreforma - innspel til ytterlegare nye fylkeskommunale oppgåver/ansvar**Samandrag**

Ved Stortinget si handsaming av Meld. St. 22 (2015–16) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver» vart det gjort følgjande vedtak i tråd med Innst. S 377 (2015–16) frå Kommunal- og forvaltningskomiteen:

Stortinget ber regjeringa setje ned eit ekspertutval som skal føreslå ytterlegare nye oppgåver til regionane når den nye regionstrukturen er fastlagd, og seinast våren 2017.

I Prop. 84 S (2016–17) «Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå» varsla regjeringa at det i løpet av våren skulle setjast ned eit slikt utval. Utvalet vart oppnemnt 13.06.17, og skal levere si innstilling seinast 01.02.18. Alt den 29.06.17 sende Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), på oppdrag frå ekspertutvalet, ei oppmoding til kvar einskild fylkeskommune om å sende inn kortfatta oversyn over aktuelle oppgåve- og ansvarsområde som kan overførast til dei nye fylkeskommunane.

Fylkesrådmannen viser til ekspertutvalet sitt mandat, der oppgåvefordelinga mellom regional stat/Fylkesmannen og regionalt folkevalt nivå er nemnd særskilt, og meiner tida er moden for å trekke eit klårt og prinsipielt skilje mellom oppgåver knytt til tilsyn, kontroll og beredskap (samt enkelte ev. rettleatingsoppgåver) og oppgåver som legg til rette for bruk av politisk skjøn. Oppgåver som høyrer til den siste kategorien, og som i dag ligg til regional stat, må vurderast for overflytting til regionalt folkevalt nivå.

I tillegg foreslår fylkesrådmannen fleire nye oppgåver innanfor ulike områder som ekspertutvalet må vurdere for overflytting til dei nye fylkeskommunane.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet viser til ekspertutvalet sitt mandat, der oppgåvefordelinga mellom regional stat/Fylkesmannen og regionalt folkevalt nivå er nemnd særskilt. Tida er moden for å trekke eit klårt og prinsipielt skilje mellom oppgåver knytt til tilsyn, kontroll og beredskap (samst enkelte ev. rettleiingsoppgåver) og politiske oppgåver og ansvarsområder. Oppgåver og ansvar som høyrer til den siste kategorien, og som i dag ligg til regional stat, må vurderast for overflytting til regionalt folkevalt nivå.
2. Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen si saksutgreiing og støttar merknader og tilråding om innspel til nye oppgåver som ekspertutvalet må vurdere for overflytting til dei nye fylkeskommunane.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Brev frå KMD, datert 29.juli 2017
- 2 Mandat for ekspertutvalet, datert 13.juni 2017

Fylkesrådmannen, 10.08.2017

1. Bakgrunn for saka

Stortinget vedtok 08.06.17 ei regionreform der dagens 19 fylkeskommunar vert erstatta med 11 nye folkevalde regionar/fylkeskommunar. Den nye fylkesinndelinga skal gjelde frå 01.01.20. I vedtaket slo Stortinget saman følgjande fylke:

- Vest-Agder og Aust-Agder (302 000 innbyggjarar)
- Sogn og Fjordane og Hordaland (632 000 innbyggjarar)
- Buskerud, Akershus og Østfold (1 178 000 innbyggjarar)
- Telemark og Vestfold (420 000 innbyggjarar)
- Hedmark og Oppland (386 000 innbyggjarar)
- Troms og Finnmark (241 000 innbyggjarar)

Vedtaket inneber at Oslo (672 000), Rogaland (475 000), Møre og Romsdal (267 000) og Nordland (243 000) held fram som eigne fylke også etter 1. januar 2020. Sør- og Nord-Trøndelag (454 000) er alt vedtekne slegne saman med verknad frå 1. januar 2018.

Stortinget vedtok også ulike oppgåver/ansvarsområder som skal overførast til det folkevalde regionale nivået. I tillegg vart det også vedteke å sette ned eit ekspertutval for å vurdere ytterlegare nye oppgåver til dei nye fylkeskommunane. Ekspertutvalet vart oppnemnt 13.06.17, og vert leia av professor Terje P. Hagen ved Universitetet i Oslo. Fylkesrådmann i Sogn og Fjordane, Tore Eriksen, er ein av sju medlemer som er oppnemnde til å sitje i utvalet som skal levere si innstilling seinast 01.02.18. Til støtte for utvalet sitt arbeid, vil KMD opprette ei breitt samansett referansegruppe. Sjå vedlagte mandat til ekspertutvalet.

I vedlagte brev frå KMD, datert 29.juni 2017, vert fylkeskommunane bedt om å komme med innspel til dette ekspertutvalet på aktuelle nye oppgåver som kan leggast til det folkevalde regionale nivået. Det er bedt om innspel innan 24.august 2017. I samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommunen legg fylkesrådmannen fram sak om aktuelle nye oppgåver til dei nye fylkeskommunane slik det er bedt om i brev frå KMD, datert 29.juni 2017

2. Samla oversyn over oppgåver som Stortinget så langt har vurdert – oppsummering

I Meld. St. 22 (2015–16) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver» gjorde regjeringa framlegg om endringar i oppgåver og ansvar for regionalt folkevalt nivå. I Prop. 84 S (2016-17) «Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå» er desse framlegga vidareutvikla og konkretiserte noko, med utgangspunkt i handsaminga av meldinga i Stortinget.

Etter vedtaket i Stortinget 8. juni i år, jf. Prop. 84 S (2016-17) og Innst. 385 S (2016-17), syner tabellen under ei samla oversikt over oppgåver og ansvarsområde som skal overførast til regionalt folkevalt nivå, eller som no vert greidde ut med tanke på slik overføring.

Område	Oppgåve/ansvar	Prop. 84 S	Innst. 385 S (2016–17)
Infrastruktur og samferdsle	Sams veg-administrasjon.	Regjeringa tek ikkje stilling til ei administrativ overføring av sams vegadministrasjon frå stat til fylkeskommunar før ei utgreiing er gjennomført.	Stortinget ber likevel regjeringa syte for at regional vegadministrasjon, som har ansvar for planlegging og drift av fylkesvegane, vert overført frå Statens vegvesen til regionalt folkevalt nivå.

	Løyveforvaltning.		Stortinget ber regjeringa fremje forslag om å fornye regelverket for løyve og behovsprøving for persontransport slik at bestemmelser knytte til dette kan fastsetjast av dei nye fylkeskommunane.
	Tilskot til ikkje-statlege lufthamner.	Ordninga vert overført til fylkeskommunane. Midlane vert flytta til rammetilskotet til fylkeskommunane.	Ingen merknader til proposisjonen.
	Kjøp av innanlandske flyruter.	Overføring av ordninga med kjøp av innanlandske flyruter. Ordninga skal ikkje vere lovpålagd for fylkeskommunane. Midlane vil bli flytta frå Samferdselsdepartementet sitt budsjett til rammetilskotet til fylkeskommunane.	Ingen merknader til proposisjonen.
	Ansvar for fiskerihamnene.	Overføring av eigarskap og ansvar for forvaltning, drift og vidare utbygging av statlege fiskerihamneanlegg.	Ingen merknader til proposisjonen.
	Ansvar for koordinering og utbygging av mobil- og breibandtenester.	Fylkeskommunane bør ta eit koordineringsansvar for utbygging av digital infrastruktur, og at oppgåva er ei naturleg forlenging av rolla som regional planstyresmakt og ansvarleg for ei heilskapleg samfunnsutvikling.	Ingen merknader til proposisjonen.
Nærings-utvikling	Tilpassing av regionale grenser.	Overføring av ansvar for utforming og oppfølging av regionale oppdrag til dei nasjonale verkemiddelaktørane for næringsutvikling og forsking. Dei nasjonale verkemiddelaktørane si gjennomføring av regionale oppdrag skal tilpassast dei nye fylkesgrensene.	Ingen merknader til proposisjonen.

	Oppgåver frå Innovasjon Noreg.		Stortinget ber regjeringa overføre oppgåver knytt til regional næringsutvikling frå Innovasjon Noreg til dei nye regionane.
	Prosjekt om kystskogbruket og føregangsfylke for økologisk landbruk.	Overføring av ansvaret for prosjektet kystskogbruket og prosjektet føregangsfylke for økologisk landbruk.	Ingen merknader til proposisjonen.
	Midlar til utgreiings- og tilretteleggings- tiltak.	Overføring av ansvaret for forvaltning av midlane til utgreiings- og tilretteleggingstiltak frå fylkesmannen.	Ingen merknader til proposisjonen.
Utdanning og kompetanse	Utdanning og kompetanse-utvikling.	Ansvar for å legge til rette for samarbeid mellom arbeidsliv og utdannings- og opplæringsaktørar om behov og tilrettelegging for utdanning og kompetanseutvikling.	Ingen merknader til proposisjonen.
	Karriererettleiing og karrieresenter.	Kunnskapsdepartementet vil greie ut og vurdere forslaga frå NOU 2016:7 som gjeld fylkeskommunal plikt og andre oppgåver knytte til karriererett-leiingstenester.	Ingen merknader til proposisjonen.
	Styrkt regionalt ansvar for kompetansepolitikk.	Vurderingar knytte til offentleg medfinansiering av studiesenter, regionale kurs- og kompetan- senter, kunnskapsparkar og liknande aktørar som arbeider for tilrettelegging av opplærings- og utdanningstilbod i tråd med regionale behov.	Ingen merknader til proposisjonen.
Kultur-området	Tilskot.	Kulturdepartementet vil overføre tilskota til eit utval av kunst- og kulturinstitusjonar som i dag blir forvalta av Kulturdepartementet og Norsk kulturråd, til fylkeskommunal forvalting.	Ingen merknader til proposisjonen.

Klima- og miljøområdet	Friluftsområde og Skjergardstenesta.	Klima- og miljødepartementet vil overføre oppgåver knytte til dei statleg sikra friluftslivsområda frå fylkesmannen til regionalt folkevalt nivå. Oppgåver knytte til Skjergardstenesta regionalt bør samlast hjå fylkeskommunane.	Ingen merknader til proposisjonen.
Klima- og miljøområdet / kulturfeltet	Kulturminnefeltet.	Det skal overførast eit større ansvar i forvaltninga av dei fleste automatisk freda kulturminna. Oppgåvene vil m.a. innebere søknader om dispensasjon etter kulturminnelova, også i samband med planbehandling. Forvaltning av fartøy, tekniske og industrielle kulturminne og forskriftsfreda kulturhistoriske eigedomar i statleg eller privat eige skal overførast.	Ingen merknader til proposisjonen.
Integrerings-området	Integrering.	Justis- og beredskapsdepartementet meiner at det ikkje er grunnlag for å overføre ytterlegare oppgåver eller ansvar på integrerings-området til regionalt folkevalt nivå.	Stortinget ber regjeringa utarbeide ein plan som konkretiserer kva oppgåver som kan overførast frå IMDi til dei nye fylkeskommunane.
Fjelløva og Finnmarks-lova			Stortinget ber regjeringa greie ut om fjelløva bør få same bruk i Nordland og Troms som sør for Nordland. Statskog skal framleis behalde ansvaret for skogressursane. Utgreiinga skal leggje til grunn at gjeldande Finnmarkslov ikkje vert utvida til nye geografiske område.

Tabell 1: Samla oversyn over oppgåver som Stortinget ønskjer overført til dei «nye» fylkeskommunane.

3. Vidareføring av eksisterande oppgåver

I samband med kommunereforma er det i Meld.St. 145S (2014-2015) Kommunereformen – nye oppgåver til større kommuner og i Prop. 96S (2016-2017) Endringar i kommunestrukturen gjort vurderingar og vedtak på overføring av fylkeskommunale oppgåver til kommunane. Omtalen under viser status for overføring av sentrale fylkeskommunale oppgåver.

Tannhelse

Helse- og omsorgsdepartementet foreslår i Prop.71L (2016-2017) Endringar i helselovgivninga (overføring av det offentlige tannhelsetenestearvets, lovfesting av kompetansekrav m.m.) ei rekke endringar i helse- og omsorgstenestelovgivninga. Endringsforsлага er også ein del av departementet si oppfølging av forslag i Meld. St. 14 (2014–2015) Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar (Oppgavemeldingen).

I Innst. 378 L (2016–2017) foreslår helse- og omsorgskomiteen på Stortinget at ansvaret for den offentlege tannhelsetjenesta ikkje vert overført til kommunane, men ber regjeringa legge til rette for ei prøveordning der inntil 15 kommunar etter søknad kan få overta ansvaret for tannhelsetjenesta frå 2020.

Kollektivtransport

I Innst. 385 S (2016–2017) Ny inndeling av regionalt nivå er det innarbeidd følgjande merknad frå transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget:

"Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti og Venstre, viser til Innst. 333 S (2014–2015), hvor partiene uttalte at «ansvaret for kollektivtrafikken fortsatt som hovedregel skal ligge på det regionale folkevalgte nivå. Ansvaret for kollektivtrafikken kan overføres til større kommuner på de vilkår som skisseres i meldingen, og forutsatt at det inngår et samarbeid/partnerskap med det øvrige fylket/regionen om å sikre et helhetlig kollektivtilbud i regionen.»

Flertallet viser til at regjeringen i Prop. 91 L (2016–2017) foreslår en lovendring som gir større kommuner adgang til på visse vilkår, herunder at det foreligger en avtale eller et partnerskap med fylkeskommunen, å overta ansvaret for kollektivtransporten. Det vises for øvrig til behandlingen av proposisjonen og partienes merknader der."

Fagskulane

I Meld.St.22 (2015-2016) Nye folkevalgte regioer – rolle, struktur og oppgaver, vart det stilt spørsmål om korleis dagens fylkeskommunale fagskular bør organiserast og finansierast i framtida. Eit alternativ skissert av fagskoleutvalget (Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg, NOU 2014:14), var å organisere fylkeskommunale fagskular på same måte som statlige universitet og høgskular, dvs som statlege forvaltningsorgan med særskilte fullmakter. I Innst. 377 S (2015–2016) Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver, vart fagskulane si framtidige organisering fastlagt på følgjande måte:

«[...] dagens fylkeskommuner har en viktig rolle i kompetansepolitikken, gjennom ansvaret for videregående opplæring, fagskoler og regionale forskningsfond. Flertallet mener at en reform med større regioner kan styrke regionnivåets strategiske rolle i utviklingen av denne politikken. Flertallet mener at det i yrkesfagpolitikken er svært viktig for det regionale folkevalgte nivået å ha god dialog med partene i arbeidslivet for å dimensjonere tilbuddet riktig i forhold til næringslivets behov. Flertallet mener at større regioner vil styrke regionens evne til å koordinere tilbud og etterspørsel, og kunne se behovet mer helhetlig. Flertallet mener at ansvaret for fagskolene fortsatt skal ligge i det regionale folkevalgte nivået. Flertallet mener at fagskolene er et viktig redskap for å utvikle kompetanse som regionen har behov for, og at det er regionene som best kjenner utfordringene og behovene i næringslivet..»

4. Regionalt folkevalt nivå og regional stat – ei prinsipiell oppgåvefordeling

Fylkesrådmannen meiner, på prinsipielt grunnlag, at alle oppgåver unnateke tilsyns- og kontrolloppgåver etter kommunelova og særlovgivinga, som hovudregel bør ligge til eit folkevalt nivå. Det inneber at fylkesmannsembeta bør få ein reindyrka funksjon som tilsyns- og kontrollstyresmakter, samt at utviklingsoppgåver, tenesteproduksjon, forvaltningsoppgåver og rettleiing bør ivaretakast av kommunane eller det regionale folkevalde nivået, avhengig av oppgåvene sine krav til innbyggjargrunnlag og

funksjonalitet. Hovudregelen bør også vere at det nivået som har hovudansvaret for ei oppgåve sjølv har ansvaret for fagadministrasjonen.

Fylkesrådmannen syner her også til handsaminga av Meld. St. 22 (2015–16)) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver», der Kommunal- og forvaltningskomiteen sitt fleirtal understreka at regional stat/fylkesmannen i utgangspunktet skal ha ansvar knytt til tilsyn, kontroll og beredskap samt enkelte rettleiingsoppgåver. Oppgåver som legg til rette for bruk av politisk skjøn skal som hovudregel leggjast til regionalt folkevalt nivå, jf. komiteen si innstilling (Innst. 377 S (2015–16)).

Ekspertutvalet har fått eit mandat der oppgåvefordelinga mellom regional stat/Fylkesmannen og regionalt folkevalt nivå er nemnd særskilt. Tida er moden for å trekke eit klårt og prinsipielt skilje mellom oppgåver knytt til tilsyn, kontroll og beredskap (samt enkelte ev. rettleiingsoppgåver) og oppgåver som legg til rette for bruk av politisk skjøn. Oppgåver som hører til den siste kategorien, og som i dag ligg til regional stat, bør flyttast til regionalt folkevalt nivå (jf. retningslinene for oppgåvedeling i NOU 2000:22). Med oppgåvene bør det, slik fylkesrådmannen vurderer det, følgje ressursar.

5. Oppgåver og ansvarsområde som bør vurderast nærmere

Fylkesrådmannen tilrar i denne saka fleire innspel til oppgåveområder for nærmare vurdering i det regjeringsoppnemnde ekspertutvalet. Dette er område som har falle utanfor det som Stortinget så langt har teke stilling til i form av nye oppgåver til dei nye folkevalde regionane, jf. gjennomgangen i kap. 2 i denne saksutgreiinga.

Fylkesrådmannen rår til at følgjande oppgåver vert vurderte nærmere i ekspertutvalet sitt arbeid med tanke på overføring til regionalt folkevalt nivå frå 2020 (eller seinare):

For å styrke rolla som regional utviklingsaktør er det avgjerande viktig at dei nye fylkeskommunane får tilført oppgåver og ansvar innanfor det **statlege næringsretta virkemiddelapparatet**. På næringsutviklingsområdet har Stortinget vedteke at det skal overførast oppgåver knytt til regional næringsutvikling frå Innovasjon Noreg til dei nye regionane. I tillegg til dette vil fylkesrådmannen peike på at ekspertutvalet må gå gjennom Nærings- og fiskeridepartementet sine næringsutviklingsoppgåver med tanke på overflytting til regionalt nivå og sikre større nærheit til næringsliv og bedrifter. Som ein del av det næringsretta virkemiddelapparatet meiner fylkesrådmannen at oppgåver og ansvar som i dag vert forvalta av SIVA, også må vurderast for overføring til dei nye fylkeskommunane. For å styrke rolla som regional utviklingsaktør må ekspertutvalet også vurdere overføring av ordningar og program for regional utvikling i ulike departement. Døme på dette er Merkur (statlig utviklingsprogram for nærbutikkar og bokhandlarar i distrikta) og Utviklingsprogram for byregionar i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Forskningsrådet har også ulike program for innovasjon og bedriftsretta tiltak som ekspertutvalet må vurdere for overføring til dei nye fylkeskommunane.

Staten gjev relativt klåre føringar for delar av **miljøvernforvaltninga**. Behovet for regional politisk forankring av miljøvernoppgåvene tilseier likevel at oppgåvene vert samla og overførte frå fylkesmannen til dei nye fylkeskommunane. Dette vil medverke til å integrere og tilpasse miljøvernet i forhold til regional utvikling, samferdsle, kulturminneforvaltning, planlegging og arealforvaltning. Dette vil også styrke arbeidet med ein utviklingspolitikk basert på heilskaplege vurderingar. Å leggje ansvaret for miljøvernoppgåvene til det regionale folkevalde nivået stimulerer til større grad av lokal og regional forståing og aksept for viktige miljøvernpolitiske omsyn regionalt, og såleis også for samfunnsutviklinga regionalt. Også Miljøverndepartementet si tilskotsordning Klimasats bør vurderast for overflytting til fylkeskommunane. Dette er ei tilskotsordning der kommunane er målgruppe og vert forvalta av Miljødirektoratet. Fylkeskommunane har betre kjennskap til kommunane sine føresetnader for å utvikle og arbeide med klimatiltak og bør derfor ha ansvaret for denne ordninga. ENOVA er eit viktig apparat for overgangen til

klimanøytralitet, men manglar regional forankring. Ekspertutvalet bør vurdere i kva grad deloppgåver innanfor ENOVA kan flyttast til det folkevalde regionale nivået.

Landbruksforvaltninga bør sjåast i nær samanheng med andre utviklingsoppgåver på regionalt folkevalt nivå. I dag er kompetansemiljøa splitta mellom Fylkesmann og fylkeskommune, og Fylkesmannen har ei utviklingsrolle som baserer seg på politisk skjøn, og som prinsipielt bør ligge til regionalt folkevalt nivå. Eit nytt fylke som omfattar det sentrale Vestlandet vil i tillegg vere eit stort landbruksfylke, og det vil vere i regionen si interesse å få det samla oppgåveansvaret på politisk nivå. I denne samanheng viser fylkesrådmannen til at nye Trøndelag fylkeskommune skal gjennomføre eit toårig forsøk med ansvar for regionalt næringsprogram i landbruket frå 1. januar 2018. Målet med forsøket er å sjå om det er mogleg å utvikle ei forvaltning som tek omsyn til nasjonal landbrukspolitikk, samstundes som det blir opna for auka innverknad frå regionalt folkevald nivå.

Forvaltningsansvaret for naturressursar som har ein regional karakter og regionale konsekvensar, inkludert kraftkonsesjonar inntil småkraftverkstorleik, akvakulturforvaltning og utnytting av mineralar, bør leggjast til regionalt folkevalt nivå.

Mange av naturressursane er regionale i sin karakter, og bør utnyttast eller vernast i lys av regionale behov og fortrinn. Overføring av fylkesmannen og andre statlege etatar sine oppgåver og ansvar innanfor den samla naturressursforvaltninga må vurderast med grunnlag i det regionale folkevalde nivået sitt ansvar for utvikling, infrastruktur og planlegging.

Havbruksnæringa er ei viktig næring for Vestlandet. For å sikre lønsam og berekraftig utvikling av denne næringa, bør ekspertutvalet vurdere å samle forvaltningsoppgåver innanfor gjeldande regelverk for tildeling av lokalitetar og akvakulturløyve, til det folkevalde regionale nivået. På denne måten vil det vere mogleg å legge til rette for ei meir effektiv og heilsakaplig forvaltning i høve til dagens fragmenterte statlege sektorforvaltning.

For å få til ei effektiv og forsvarleg forvaltning av byggeråstoffa (sand, grus og pukk) vil det vere nødvendig med planlegging, veiledning og utnytting på tvers av kommunegrenser og i eit regionalt perspektiv. Ekspertutvalet må vurdere overføring av statlege oppgåver og ansvar innanfor forvaltninga av mineralressursane til det folkevalde regionale nivået.

Oppgåvene som i dag ligg til **barne-, ungdoms- og familieetaten (BUF-etat)** sine 5 regionar krev eit betydeleg folketalsgrunnlag for å sikre robuste familiø og rasjonell funksjonsfordeling. Den nye kommunestrukturen legg ikkje opp til at eit fleirtal av kommunane kan overta noko av det som i dag er andrelinetenesta innanfor BUF-etat. Viktige prioriteringar innanfor 2.linje barnevern er i dag ikkje underlagt overordna politiske føringar. Ansvoart for andrelinetenesta bør difor leggjast til regionalt folkevalt nivå, slik situasjonen var før 2004. Omsynet til overordna folkevald styring og ombudsrolla for innbyggjarane vil då bli ivareteke. Modellen føreset tett samhandling og krev vidare utvikling av det politiske og administrative samarbeidet mellom kommunane og regionalt folkevalt nivå.

Tilskotsordningane som Norsk Kulturråd og Kulturdepartementet forvaltar, og som går til regionale arrangement og institusjonar, bør leggjast til regionalt folkevalt nivå. Det folkevalde regionale nivået vil kunne gjere lokale og regionale avvegingar i tildelingsprosessane med utgangspunkt i nærleik til arrangement og institusjonar. Fylkesrådmannen ønskjer å spele dette inn sjølv om det alt er vurdert i stortingsbehandlinga (jf. tabell 1 her), då det er eit stort behov for konkretisering og tydeleggjering av økonomiske og administrative konsekvensar av å flytte ut særleg Kulturrådet sine oppgåver. Det må i tillegg opnast for stor grad av regional politikkutforming og tildeling av statlege spelemidlar.

Fylkesrådmannen har merka seg debatten som har kome etter at *Kvinnsland-utvalet* la fram si innstilling om **framtidige styringsmodellar for spesialisthelsetenestene** 01.12.16¹. Utvalet var delt, og landa ikkje ei eintydig tilråding om korleis staten bør innrette sitt eigarskap til sjukehusa. Ekspertutvalet bør sjå nærmare på om tida er moden for å vurdere avvikling av dei regionale helseføretaka for i større grad å ansvarleggjere politiske organ, skape ei lokal forankring og flytte makt attende til innbyggjarane. Vurderinga bør omfatte ei gransking knytt til i kva grad dagens organisering ivaretak desentralisering og maktforskyving til dei pasientnære nivåa.

Sentralstyret for den norske legeforeininga har i det siste drøfta om dei regionale helseføretaka bør avviklast, for i større grad å ansvarleggjere folkevalde organ innanfor helsetenestene. Legeforeininga har også gått inn for eit system med fleire sjølvstendige sjukehus underlagt regional styring, og at sjukehusa må stå sentralt i utforminga av regionreforma². Fylkesrådmannen har også merka seg at stadig fleire tilbakemeldingar frå fagmiljøa innanfor spesialisthelsetenesta om at sjukehusreforma ikkje har ført til ei reell desentralisering og maktforskyving til dei pasientnære nivåa, og at det er eit stort behov for å unngå ytterlegare maktkonsentrasijs i sektoren. Fylkesrådmannen rår til at ekspertutvalet vurderer eit initiativ for å starte ei ny, brei utgreiing om framtidig styring av spesialisthelsetenestene som også inkluderer det folkevalde regionale nivået.

I samband med forvaltningsreforma i 2010 konkluderte KS i sitt reforminnspeil med at **universiteta og høgskulane** framleis burde vere overordna politisk styrte og hovudfinansierte av staten, og at universitet og høgskular må ha stor fridom og fagleg autonomi slik lovgivinga understrekar. I fylkesordførarane sitt utgreiingsarbeid om ei ny framtidig oppgåvefordeling i 2014, vart universitets- og høgskulesektoren drøfta særskilt.

Fylkesrådmannen meiner særleg universitets- og høgskulesektoren er ein svært viktig faktor i eit regionalt utviklingsperspektiv. Det regionale folkevalde nivået har i fleire tiår medverka til medfinansiering og prioriteringar ut i frå dei behov og utfordringar som høgskulane og universiteta har stått overfor. Rolla som kontaktpunkt og lagspelar med regional universitets- og høgskulesektor vil vere viktig for dei nye fylkeskommunane i eit samfunnsutviklingsperspektiv. Fylkesrådmannen rår til at ekspertutvalet i sitt arbeid vurderer ei tettare kopling og ev. overføring av styringsansvar for universitets- og høgskulesektoren for dei framtidige fylkeskommunane.

Innanfor samferdselssektoren bør kjøp av **persontransport på jernbane** sjåast i samanheng med øvrig kollektivtransport i fylkeskommunal regi, og underleggast regionalpolitisk styring og prioritering. For Hordaland vil dette omfatte persontransport på togstrekningane Arna-Bergen og Voss-Bergen.

Fylkesrådmannen meiner tida er moden for å gje lovnadane om ei meir **forpliktande samfunnsplanlegging for regionalt utvikling** i regionane eit konkret innhald. Stortingsproposisjonen som regjeringsa la fram i samband med regionreforma 05.04.17, Prop. 84 S (2016–17) «Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå», peika på at ein tydeleg vinst med reforma er at regional planlegging skal gjerast meir forpliktande. Den folkevalde regionen må forvalte verkemidlar som er tilpassa dei utfordringane og moglegheitene som regionen står overfor – og allereie gjennom ei meir forpliktande regional planlegging vil ein kome eit stykke på veg, heiter det. Alt i Meld. St. 22 (2015–16) «Nye folkevalde regionar – roller, struktur og oppgåver» sa KMD at vi no må:

«... vurdere hvordan regional planlegging kan gjøres mer forpliktende for regionalt folkevalgt nivå, for kommunene og for de regionale statlige aktørene som deltar i prosessene. Dette forutsetter større og færre regioner. Målet er økt effektivitet i den samlede planleggingen».

¹ [NOU 2016: 25 Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten – Hvordan bør statens eierskap innrettes framover?](https://www.nou.no/nou/2016/25-organisering-og-styring-av-spesialisthelsetjenesten-hvordan-bor-statens-eierskap-innrettes-framover)

² [https://www.dn.no/nyheter/2017/08/04/1024/Helse/legeforeningen-positiv-til-aps-reformplaner?_1](https://www.dn.no/nyheter/2017/08/04/1024/Helse/legeforeningen-positiv-til-aps-reformplaner-_1)

I handsaminga av stortingsmeldinga våren 2016 viste fleirtalet på Stortinget til at samfunnsutviklarrolla er ei av dei viktigaste rollene dei nye fylkeskommunane/regionane skal fylle. Fleirtalet meinte at den regionale statsforvaltninga og dei nye fylkeskommunane må spele meir på lag. Staten regionalt er avgjerande for utvikling av det einskilde fylket, og stortingsfleirtalet meinte samfunnsutviklarrolla føreset at ein regionalt utnyttar det store handlingsrommet som ligg i eit meir forpliktande regionalt samspele.

Fylkesrådmannen meiner regionale planprosessar vil bli stadig viktigare framover, fordi dei avveg ulike interesser mellom sektorar og forvaltningsnivå, og gjev kommunar og næringsliv føreseielege rammeverk. Med regionreforma kan dei nye fylkeskommunane ta eit meir heilskapleg ansvar for samfunnsutviklinga og styre utviklinga meir strategisk. Regionalt folkevalt nivå skal ta initiativ til samarbeid og leie partnarskapsbaserte planprosessar i sin eigen region. Fylkesrådmannen meiner det er trond for ei politisk avklaring som syner handlings- og moglegheitsrommet som ligg i ei meir forpliktande regional planlegging, og som syner korleis regional stat konkret skal følgje dette påleggat opp framover.

Stortinget har bestemt at **tannhelsetenesta** framleis skal vere eit fylkeskommunalt ansvar. I tillegg til dagens oppgåver og ansvar innanfor tannhelsetenesta må ekspertutvalet vurdere følgjande nye oppgåver og tenesteområder:

- Å gi et tannhelsetilbud til pasienter med alvorlig psykisk sykdom som mottek poliklinisk behandling. Denne pasientgruppa har særlege tannhelsebehov, men oppfyller ikkje krava som lovverket gir for å få eit fylkeskommunalt tannhelsetilbud.
- For å sikre geografisk spredning, rekruttering og kompetanseutvikling må den offentlege tannhelsetenesta overta universiteta sitt ansvar for klinisk trening av tannlege- og tannpleiestudentar, samt spesialistkandidatar.
- Endre lovverket for å utvide tannhelsetilbudet til 23 år (mot nå 20 år).

Folkehelselova fastslår at fylkeskommunen generelt skal vere ein pådriver for og samordnar av **folkehelsearbeidet** i fylket. Dette gjeld både i høve til kommunar, næringsliv, frivillig sektor og overfor innbyggjarane generelt i fylket. Pådriveransvaret omfattar også å veilede kommunane i folkehelsearbeidet. Samstundes er det i folkehelselova lagt til grunn at fylkesmannen skal bidra til å iverksette nasjonal politikk på folkehelseområdet og vere pådrivar for kunnskapsbasert folkehelsearbeid på lokalt og regionalt nivå, mellom anna gjennom råd og veiledning til kommunar og fylkeskommunar.

Dette er ei uheldig og urydding ansvarsdeling, der ekspertutvalet må vurdere overføring av fylkesmannen sitt pådrivaransvar for kunnskapsbasert folkehelsearbeid på lokalt og regionalt nivå til dei nye fylkeskommunane.